



Masfjorden kommune

5981 MASFJORDNES

Dato: 08.06.2016

Vår ref.: 2016/5244-5


Saksbehandlar: Endre Korsøen

Telefon: 917 64 632

H-FJ-10 og H-FJ-23 Engesund Fiskeoppdrett AS - Søknad om utviding av anlegg for oppdrett av laks og aure på lokalitet 13699 Leirvika i Masfjorden kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av søknad motteke 26.05.2016 frå Engesund Fiskeoppdrett AS om løyve til utviding av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13699 Leirvika i Masfjorden kommune.

Eksisterande anlegg på lokaliteten ligg i den sørvestlege delen av akvakulturområde i kommuneplanen og om lag i lengderetning sørvest – nordaust. Selskapet søker no om å flytta og plassere anlegget i den søraustlege delen av akvakulturområdet (sjå kart under). Avstanden frå land vil bli vel 250 meter, og på lokaliteten vil det bli lagt ut 4 stk 160 metringar (diameter på 50 m) der kvar ring ligg i ei rammefortøyning på 100 x 100 meter på ei rekkje.




Lokaliteten Leirvika vert omsøkt utvida frå 780 tonn til 1560 tonn MTB for akvakulturløyva H-FJ-10 og

H-FJ-23. Engesund Fiskeoppdrett AS har fått tilsegn frå Fiskeridirektoratet om forskingsløyve for integrert produksjon av laks og taredyrking. Tilsegnet er gitt for lokaliteten Laberget, men det er no søkt om å få knyta forskingsløyve til lokalitet Leirvika. Det er også nyleg søkt Nærings- og Fiskeridepartementet om løyve til å dyrke tare på lokalitet Leirvika, der løyve til taredyrking er ein føresetnad for klareringa av den same lokaliteten til forskingsløyve for laks. I påvente av ferdig handsaming av søknaden om taredyrking søker Engesund Fiskeoppdrett AS no opp lokalitetsbiomassen til 1560 tonn for H-FJ-10 og H-FJ-23, og når tareløyve er gjeve, og Fiskeridirektoratet og godkjenner lokaliteten for integrert produksjon av laks og taredyrking, vil verksemda søkje om å få knytt forskingsløyve til lokalitet Leirvika.

Miljøtilstand under og i nærlona til anlegget, har vore målt gjennom MOM-undersøkingar (NS 9410). I alt er det gjennomført 3 MOM B-undersøkingar ved lokaliteten i perioden 2011-2015, og rapportar frå desse undersøkingane syner alle tilstand 1, beste tilstand. Trendanalysane som er gjennomført i driftsfasa tyder på god miljøtilstand i området, og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne.

I kommuneplan for Masfjorden vedteke 31.05.2012 er omsøkt område avsett til akvakultur, og i føresegndene til planen er det høve til å leggje fortøyningar og anker i fleirbruksområde utafor område sett av til akvakultur. Fortøyingane mot sørvest strekkjer seg inn i gyeområde. I føresegna står det at tiltak som kan hindre gyeseksess skal ikkje tillatast på eller i nærleiken av område. Søknader om tiltak/inngrep på eller i nærleiken av område, skal leggjast fram for fiskeridirektøren.



Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskriftena. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskriftena. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlige verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlige verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgjera nærmare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Masfjorden kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjær, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr.

1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søker.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi:
Engesund Fiskeoppdrett AS